

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kommunestyret
Møtedato 15.09.2022
Møtetid: Kl. 15:00 - 20:50
Møtestad: Kommunestyresalen - kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	Parti:
Harald Boge	Ap
Jon Magne Bogevik	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Knut Loneland Høibraaten	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Monica Tjønnå	Sp
Øyvind Røen	Sp

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap		
Øyvind Strømmen	MDG	Magni Petersen	MDG

Ugild:	Sak:	I staden møtte:	Merknad:
Knut Harald Frøland, Bl	050/2022	,	

Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Ove Sæbø, rådmann
- Karl Viken, kommunalsjef økonomi og organisasjon
- Bodil H. Øpstebø, kommunalsjef oppvekst
- Edith Oma, kommunalsjef helse og omsorg
- Hilde-Lill Våge, kommunalsjef samfunnsutvikling
- Jan Erik Boge, rådgjevar

- Ole J. Sølberg, ABO (under sak 056)
- Venla Arponen Snilstveit, kommunepsykolog (under sak 045)

Før handsaminga av den første saka på saklista hadde kommunestyret ei markering med eitt minutt stillheit til minne om tidlegare kommunestyremedlem Sture Tveit, som døydde 05.09.2022. Sture Tveit sat i kommunestyret i til saman 28 år.

Etter framlegg frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl) vart sak 056 handsama som første sak etter sak 044 – "Faste saker".

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
043/2022	22/676	Godkjenning av innkalling og sakliste	
044/2022	22/676	Faste saker	
045/2022	20/810	Handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord	
046/2022	18/1787	Regulering av satsar for godtgjersle for folkevalde i Samnanger kommune	
047/2022	21/641	Tilstandsrapport for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022	
048/2022	22/620	Trafikksikringstiltak på FV 49 ved utbygging av ny E16	
049/2022	22/515	Vedlikehald kommunale vegar - Prioritering og finansiering	
050/2022	22/423	Lån og tilskot til etablering av bygdebutikk på Tysse	
051/2022	20/222	Budsjett for kontrollarbeidet i Samnanger kommune 2023	
052/2022	21/907	Påskjøning til tilsette for stor arbeidsbelastning under koronapandemien	
053/2022	22/73	Fastsetting av valdag for kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023	
054/2022	21/353	Reglar for interpellasjonar i Samnanger kommune	
055/2022	21/770	Køyrereglar for god kommunikasjon i kommunestyre og politiske utval	
056/2022	21/708	Fleirbrukshall - Utviding av styringsgruppa og stadfesting av alternativ plassering	
057/2022	19/288	Bjørkheim som framtidig regionsenter	

SAKNR. 043/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

KS- 043/2022 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKNR. 044/2022: Faste saker

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordføreren orienterer:

- **Seminar 01.11.2022.** Dette blir eit seminar for kommunestyret, administrative leiarar og tillitsvalde i kommunen. Tema for seminaret vil vera levevilkår, med spesielt fokus på relativ fattigdom.

Rådmannen orienterer:

Orientering v/rådmann Ove Sæbø:

- **Budsjett-/økonomiplanprosessen.** Informasjon om status for arbeidet. Det blir lagt opp til budsjettseminar med kommunestyret 20.10.2022.
- **Møte med Statnett.** Orientering om møte med Statnett 01.09.2022 og ønske om faste møte med Statnett.
- **Atomberedskap knytt til situasjonen i Ukraina.** Statens Strålevern har innført forsterka atomberedskap som følgje av situasjonen rundt atomkraftverk i Ukraina. Tiltak ved eventuell radioaktiv forureining vil først og fremst gjelda landbruket.
- **Aktuelle tema i rådmannen si leiargruppe.** Gjeld mellom anna:
 - Informasjon, kommunikasjon og omdøme.
 - Retningslinjer for skiving av saksframlegg til politisk handsaming.
 - Utviklingstrekk i helse og omsorg.
 - Opplæring/kompetanseprogram for einingsleiarane.
 - Prosjektet "100 dagar sjølvforsynt". Dette er eit prosjekt som landbrukskontoret arbeider med, og som vil koma som sak til kommunestyret.
 - Heile, faste stillingar i kommunen. Vil koma sak eller eventuelt orientering om dette i kommunestyret.

Kommunebarometeret 2022:

- Rådgjever Jan Erik Boge og dei fire kommunalsjefane orienterte om Samnanger sitt resultat i Kommunebarometeret 2022. Samnanger kom på 110. plass totalt.

Orientering v/kommunalsjef oppvekst, Bodil H. Øpstebø :

- **Tur til Evje for 10. klasse ved ungdomsskolen.** Svært vellukka.
- **Leirskule for 7. klasse ved barneskulen.** Også svært vellukka.
- **Sirkus på barneskulen.**

Orientering v/kommunalsjef helse og omsorg, Edith Oma:

- **1995-bygget på Samnangerheimen / omsorg+.** Orientering om behov, mogleg framtidig bruk av bygget m.m.
- **Sjukeheims plass i Samnanger.** Orientering på bakgrunn av bestilling i kommunestyret 16.09.2022.
- **Legesituasjonen.** Orientering om status for legesituasjonen i kommunen.
- **Sjukefråværsoppfølgingsprosjekt.** Orientering om prosjekt ved Samnangerheimen.

Grunngjevne spørsmål:

Spørsmål frå Samnanger Frp om barnevernssak

Karl Bård Kollbotn (Frp) las opp dei grunngjevne spørsmåla. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) las opp rådmannen sitt svar. Svaret vart samstundes òg sendt skriftleg til Karl Bård Kollbotn.

Utvalet sitt kvarter:

"Svinta"-skyss

Karl Bård Kollbotn (Frp) viste til ordninga med "Svinta-skyss" som kommunestyret har vedteke, og stilte nokre spørsmål til rådmannen om korleis ordninga fungerer. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) svara, og informerte om at "Svinta-skyss" er ei prøveordning som skal evaluerast av kommunestyret i haust.

Bilde av ordførarar i kommunestyresalen

Karl Bård Kollbotn (Frp) viste til at det lenge har vore ønske frå kommunestyret om å få hengt opp igjen bilde av ordførarar i Samnanger i kommunestyresalen (både noverande ordførar og tidlegare ordførarar), og bad om at dette blir prioritert.

Vedlikehaldsplan:

Odd Arne Haga (Frp) etterlyste sak om vedlikehaldsplan på saklista for kommunestyremøtet. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge orienterte om status og framdriftsplan for arbeidet med forvaltningsplan for kommunale bygg og vegar. Saka kjem truleg opp til handsaming i kommunestyret våren 2023.

Eldrerådskonferanse i Bergen

Solveig Vassenden (Bl) orienterte om at ho nyleg har delteke på to-dagars eldrerådskonferanse i Bergen. Godt og innhaldsrikt program.

Samnanger helsetun

Solveig Vassenden (Bl) viste til at det er utfordringar med plass/areal på helsetunet, og spurde om det er planar om utviding/utbygging. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge svara. Ho orienterte òg om at det blir jobba med felles innkøyring for helsetunet og parkeringsplassen tvers over vegen for Samnangerheimen.

Kapasitetsproblem bårerom

Linda Haug Kollbotn (Frp), som er kommunen sin representant i kyrkjestyret, orienterte om at det er kapasitetsproblem på bårerommet i kyrkja på Ådland. Ho oppmoda i samband med dette om at det blir etablert bårerom på Samnangerheimen. Rådmann Ove Sæbø svara.

Drosjesituasjonen i Samnanger

Arild Røen (H) tok opp at det er vanskeleg å få tak i drosje i Samnanger i helgar og på kveldstid.

Ambulansekapasitet

Arild Røen (H) orienterte om at ambulansen i Eikelandssosen ikkje kunne rykkja ut til ei ulykke i

Samnanger 14.09.2022, og at det tok fire timar før den skada personen vart frakta til sjukehus. Rådmann Ove Sæbø orienterte om at han vil ta saka opp med spesialisthelstenesta dersom han får nærmare informasjon om ho.

Legevakt

Arild Røen (H) spurde om legevaktsituasjonen i Samnanger, mellom anna om status for prosessen med eventuell etablering av legevaktsamarbeid med Bergen og Osterøy. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) svara.

Bassengdagar SFO

Shirin Kvernes Khador (Ap) orienterte om at SFO no har fleire bassengdagar enn tidlegare, og at dette er svært positivt. Det er no bassengdag annankvar fredag.

Gangveg, vatn/avløp og fotgjengarfelt i Eikedalen

Monica Tjønnå (Sp) spurde om status for arbeid/planlegging av gangveg, vatn/avløp og fotgjengarfelt i Eikedalen. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) svara, og orienterte kort om status for ulike initiativ/prosjekt i Eikedalen.

Samrøystes vedtak.

KS- 044/2022 Vedtak:

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

· Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 045/2022: Handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Endringsframlegg til tiltak 11 i Handlingsplanen frå Krf, sett fram av Gunn Totland Moss (Kristeleg Folkeparti):

Tiltak 11:

Samarbeid: Erstatte det som står med: Eit tverrfagleg samarbeid mellom fagpersonar innan psykisk helse og inkludering (helsesjukepleiar, psykolog, psykiatritenesta, legar, m.fl).

Gjennomføring: Ta bort « Kommunen vil i samarbeid med FRI arrangere kompetanseheving for dei tilsette» og heile siste avsnitt « ein vil og førebyggja.....»

Sak45/2022, sett fram av Arild Røen (Høgre):

Handlingsplanfor førebygging av sjølvskading og sjølv mord vert vedteken slik han ligg føre

Endringsframlegg, punkt 11 i planen, sett fram av Monica Tjønnå (Senterpartiet):

"Kommunen vil i samarbeide med FRI arrangere kompetanseheving for tilsette."

Setninga vert erstatta med følgande:

"Kommunen vil arrangere kompetanseheving for dei tilsette."

Nytt framlegg, inkl endring i pnkt 11, sett fram av Monica Tjønnå (Senterpartiet):

Planen vert vedteke slik han føreligg med følgande endring:

"Kommunen vil i samarbeide med FRI arrangere kompetanseheving for tilsette."

Setninga vert erstatta med følgande:

"Kommunen vil arrangere kompetanseheving for dei tilsette."

Handsaming:

Innleiingsvis orienterte kommunepsykolog Venla Arponen Snilstveit om punkt 11 i planframlegget, på bakgrunn av bestilling frå formannskapet 01.09.2022.

Gunn Totland Moss (KrF) sette fram endringsframlegg til tiltak 11 i handlingsplanen.

Arild Røen (H) sette fram framlegg til vedtak.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram endringsframlegg til tiltak 11 i handlingsplanen.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå og Arild Røen fram eit felles framlegg til vedtak. Dei trekte samstundes framlegga dei hadde sett fram tidlegare under handsaminga av saka.

I røystringa i saka vart endringsframlegget til Gunn Totland Moss sett opp mot fellesframlegget til Monica Tjønnå og Arild Røen. Fellesframlegget til Monica Tjønnå og Arild Røen fekk 19 røyster og vart vedteke. Framlegget til Gunn Totland Moss fekk 1 røyst (Gunn Totland Moss).

KS- 045/2022 Vedtak:

Planen vert vedteken slik han føreligg med følgande endring:

Setninga "Kommunen vil i samarbeid med FRI arrangere kompetanseheving for tilsette" vert erstatta med følgande: "Kommunen vil arrangere kompetanseheving for dei tilsette".

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande diskusjonen i formannskapet, sette Knut Harald Frøland (Bl) fram framlegg om å senda saka over til kommunestyret utan tilråding, og at formannskapet ber om at kommunestyret får ei eiga orientering om tiltak 11 i planframlegget. Framlegget vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Martin Haugen (Bl) røysta imot.

FORM- 036/2022 Vedtak:

Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding. Formannskapet ber om at kommunestyret får ei eiga orientering om tiltak 11 i planframlegget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek Handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord. Tiltak i handlingsplanen vert innarbeidd i økonomiplan.

Dokument som er vedlagt:

Handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord.

SAKNR. 046/2022: Regulering av satsar for godtgjersle for folkevalde i Samnanger kommune**15.09.2022 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 046/2022 Vedtak:

Ordføraren si godtgjersle blir auka med verknad frå 01.05.2022, med den same presentsatsen som stortingsrepresentantane si godtgjersle vart auka med 01.05.2022. Dei satsane for godtgjersle for folkevalde i Samnanger som blir rekna ut som ein presentsats av ordføraren si godtgjersle, blir også auka tilsvarande med verknad frå 01.05.2022.

Som følgje av dette vedtaket, blir det ikkje auke i satsane for godtgjersle for folkevalde i Samnanger 01.01.2023.

Ekstrakostnadene til auke i godtgjersle for folkevalde i perioden 01.05. – 31.12.2022, om lag 100 000 kroner inkludert arbeidsgjevaravgift, blir finansierte med midlar frå disposisjonsfondet.

§ 2-2 i Forskrift 12. mars 2020 nr. 3218 om økonomisk godtgjersle, dekking av utgifter m.m. for folkevalde i Samnanger kommune blir med verknad frå 01.10.2022 endra til:

«§ 2-2.Frikjøp og godtgjersle for ordførar

Ordføraren vert frikjøpt i 100 % stilling.

Ordføraren får ei fast årleg godtgjersle på 85 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle, runda av oppover til nærmaste heile 100 kroner. Ordførargodtgjersla skal regulerast same dato som stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Ordføraren mottek ikkje møtegodtgjersle.»

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommuner og fylkeskommuner, §§ 8-3 og 8-4.

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 039/2022 Vedtak:

Ordføraren si godtgjersle blir auka med verknad frå 01.05.2022, med den same presentsatsen som stortingsrepresentantane si godtgjersle vart auka med 01.05.2022. Dei satsane for godtgjersle for folkevalde i Samnanger som blir rekna ut som ein presentsats av ordføraren si godtgjersle, blir også auka tilsvarande med verknad frå 01.05.2022.

Som følge av dette vedtaket, blir det ikkje auke i satsane for godtgjersle for folkevalde i Samnanger 01.01.2023.

Ekstrakostnadene til auke i godtgjersle for folkevalde i perioden 01.05. – 31.12.2022, om lag 100 000 kroner inkludert arbeidsgjevaravgift, blir finansierte med midlar frå disposisjonsfondet.

§ 2-2 i Forskrift 12. mars 2020 nr. 3218 om økonomisk godtgjersle, dekking av utgifter m.m. for folkevalde i Samnanger kommune blir med verknad frå 01.10.2022 endra til:

«§ 2-2.Frikjøp og godtgjersle for ordfører

Ordføreren vert frikjøpt i 100 % stilling.

Ordføreren får ei fast årleg godtgjersle på 85 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle, runda av oppover til nærmaste heile 100 kroner. Ordførargodtgjersla skal regulerast same dato som stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Ordføreren mottek ikkje møtegodtgjersle.»

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommuner og fylkeskommuner, §§ 8-3 og 8-4.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordføreren si godtgjersle blir auka med verknad frå 01.05.2022, med den same presentsatsen som stortingsrepresentantane si godtgjersle vart auka med 01.05.2022. Dei satsane for godtgjersle for folkevalde i Samnanger som blir rekna ut som ein presentsats av ordføreren si godtgjersle, blir også auka tilsvarende med verknad frå 01.05.2022.

Som følge av dette vedtaket, blir det ikkje auke i satsane for godtgjersle for folkevalde i Samnanger 01.01.2023.

Ekstrakostnadene til auke i godtgjersle for folkevalde i perioden 01.05. – 31.12.2022, om lag 100 000 kroner inkludert arbeidsgjevaravgift, blir finansierte med midlar frå disposisjonsfondet.

§ 2-2 i Forskrift 12. mars 2020 nr. 3218 om økonomisk godtgjersle, dekking av utgifter m.m. for folkevalde i Samnanger kommune blir med verknad frå 01.10.2022 endra til:

«§ 2-2.Frikjøp og godtgjersle for ordfører

Ordføreren vert frikjøpt i 100 % stilling.

Ordføreren får ei fast årleg godtgjersle på 85 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle, runda av oppover til nærmaste heile 100 kroner. Ordførargodtgjersla skal regulerast same dato som stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Ordføreren mottek ikkje møtegodtgjersle.»

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommuner og fylkeskommuner, §§ 8-3 og 8-4.

SAKNR. 047/2022: Tilstandsrapport for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 047/2022 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek tilstandsrapporten for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022 slik han ligg føre.

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 041/2022 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek tilstandsrapporten for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022 slik han ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek tilstandsrapporten for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022 slik den ligg føre.

SAKNR. 048/2022: Trafikksikringstiltak på FV 49 ved utbygging av ny E16

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøstes vedteken.

KS- 048/2022 Vedtak:

Å redusere risiko for mjuke trafikantar på fv. 49 gjennom Samnanger må sidestillast med å redusere risiko for ras for køyretøy på E16.

Samnanger kommune ber om at steinmassar frå nye E16 vert nytta til trafikksikringstiltak på fv. 49, i samsvar med alternativa for optimal bruk av overskotsmassar til trafikksikringstiltak i rapport utforma av Statens vegvesen 19.01.2019.

Samnanger kommune ber om at staten sørgjer for at dei nemnde trafikksikringstiltaka blir finansierte som del av E16-prosjektet.

Samnanger kommune ber om at E16-prosjektet ved oppstart av parsellen Arna-Trengereid nyttar steinmassar til parallell drift av trafikksikringstiltak på fv. 49.

Samnanger kommune vil ta initiativ overfor Vestland fylke med tanke på regulering av areal for trafikksikringstiltak i samsvar med rapport frå Statens vegvesen. Eventuell fordeling av finansiering av reguleringsplan-arbeid vil komme tilbake som eiga sak til kommunestyret.

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Ordføreren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 037/2022 Vedtak:

Å redusere risiko for mjuke trafikantar på fv. 49 gjennom Samnanger må sidestillast med å redusere risiko for ras for køyretøy på E16.

Samnanger kommune ber om at steinmassar frå nye E16 vert nytta til trafikksikringstiltak på fv. 49, i samsvar med alternativa for optimal bruk av overskotsmassar til trafikksikringstiltak i rapport utforma av Statens vegvesen 19.01.2019.

Samnanger kommune ber om at staten sørgjer for at dei nemnde trafikksikringstiltaka blir finansierte som del av E16-prosjektet.

Samnanger kommune ber om at E16-prosjektet ved oppstart av parsellen Arna-Trengereid nyttar steinmassar til parallell drift av trafikksikringstiltak på fv. 49.

Samnanger kommune vil ta initiativ overfor Vestland fylke med tanke på regulering av areal for trafikksikringstiltak i samsvar med rapport frå Statens vegvesen. Eventuell fordeling av finansiering av reguleringsplan-arbeid vil komme tilbake som eiga sak til kommunestyret.

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Å redusere risiko for mjuke trafikantar på FV49 gjennom Samnanger må sidestillast med å redusere risiko for ras for kjøretøy på E16.

Samnanger kommune ber om at steinmassar frå nye E16 vert nytta til trafikksikringstiltak på FV49, i samsvar med alternativa for optimal bruk av overskotsmassar til trafikksikringstiltak i rapport utforma av Statens vegvesen 19.01.2019.

Samnanger kommune ber om at staten sørgjer for at dei nemnde trafikksikringstiltaka blir finansierte som del av E16-prosjektet.

Samnanger kommune ber om at E16-prosjektet ved oppstart av parsellen Arna-Trengereid nyttar steinmassar til parallell drift av trafikksikringstiltak på FV49.

Samnanger kommune vil ta initiativ overfor Vestland fylke med tanke på regulering av areal for trafikksikringstiltak i samsvar med rapport frå Statens vegvesen. Eventuell fordeling av finansiering av reguleringsplan-arbeid vil komme tilbake som eige sak til kommunestyret.

SAKNR. 049/2022: Vedlikehald kommunale vegar - Prioritering og finansiering

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg til formannskapets framlegg, sett fram av Monica Tjønnå (Senterpartiet):

Alt 1: Tveitamyrane og Ilaget vert løyva inntil kr 1.000.000,- til utbetring og asfaltering.

Alt. 2: Tveitamyrane og øvste del av Hagabakkane vert løyva inntil kr. 1.000.000,- til utbedring og asfaltering

Handsaming:

Monica Tjønnå (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet viste kommunalsjef Hilde-Lill Våge til at formannskapet 01.09.2022 bad om at rådmannen til handsaminga i kommunestyret 15.09.2022 vart beden om å finna kostnad for trafikkeringstiltak i Steinslandsvegen. Ho opplyste at kostnad for asfaltering og andre trafikkeringstiltak i Steinslandsvegen vil vera om lag 4 millionar kroner.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå fram eit tilleggsframlegg til formannskapet si innstilling.

Det vart først røysta over tilleggsframlegget til Monica Tjønnå. Framlegget fall med 17 mot 3 røyster.

For	Imot
Monica Tjønnå (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Lena Tveit (Bl)
Arild Røen (H)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
	Knut Loneland Høibraaten (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Shirin Kvernes Khador (Ap)
	Harald Boge (Ap)
	Jon Magne Bogevik (Ap)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Magni Petersen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)

Det vart så røysta over formannskapet si innstilling, som vart samrøystes vedteken.

KS- 049/2022 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å gjennomføra tiltak med budsjettkostnader som vist nedanfor.

Verbalvedtak:

- Carport ved Samnangerheimen kroner 800.000
- Tiltak for Hjartesone og trygg skuleveg rundt Samnanger barneskule og Dråpeslottet barnehage for totalt 3,545 millionar kroner. Tiltaket inkluderer kjeldesortering til 800.000 kroner, der dette vert delfinansiert med tilskot til bl.a. miljøstasjon på kroner 418.000 kroner frå Enova sett av på bunde fond i 2013.
- Utbetring av veg til Hagabotnane, inntil 4,2 millionar kroner

Ekstraløyving:

- Bygdavegen – 2 millionar til asfaltering og utbetring. Mandat til å starte med prosjektering av vegen med fortau og VA-leidningar ifrå fylkesvegen til krysset til Heiane / brua ovanfor.
- Nyutlørævegen – nødvendig opprusting inntil 800.000 kroner
- Raunekleivvegen – reparasjon av utfallen mur og veg inntil 700.000 kroner.

Med unnatak av tilskot frå Enova vert verbalvedtak og ekstraløyving finansiert med ubrukte midlar i 2022. Investeringar inkludert desse tiltaka vert budsjettjustert i 2. tertialrapport til kommunestyret.

Rådmannen vert til handsaminga i kommunestyret 15.09.2022 beden om å finna kostnad for trafikksikringstiltak i Steinslandsvegen.

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte kommunalsjef Hilde-Lill Våge om at summen rådmannen foreslår til utbetring av veg til Hagabotnane er 4,2 millionar kroner.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg om følgjande tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:

- *Rådmannen vert til handsaminga i kommunestyret 15.09.2022 beden om å finna kostnad for trafikksikringstiltak i Steinslandsvegen.*

Med dette tilleggspunktet vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

FORM- 040/2022 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å gjennomføra tiltak med budsjettkostnader som vist nedanfor.

Verbalvedtak:

- Carport ved Samnangerheimen kroner 800.000
- Tiltak for Hjertesone og trygg skuleveg rundt Samnanger barneskule og Dråpeslottet barnehage for totalt 3,545 millionar kroner. Tiltaket inkluderer kjeldesortering til 800.000 kroner, der dette vert delfinansiert med tilskot til bl.a. miljøstasjon på kroner 418.000 kroner frå Enova sett av på bunde fond i 2013.
- Utbetring av veg til Hagabotnane, inntil 4,2 millionar kroner

Ekstraløyving:

- Bygdavegen – 2 millionar til asfaltering og utbetring. Mandat til å starte med prosjektering av vegen med fortau og VA-leidningar ifrå fylkesvegen til krysset til Heiane / brua ovanfor.
- Nyutlørtrævegen – nødvendig opprusting inntil 800.000 kroner
- Raunekleivvegen – reparasjon av utfallen mur og veg inntil 700.000 kroner.

Med unnatak av tilskot frå Enova vert verbalvedtak og ekstraløyving finansiert med ubrukte midlar i 2022. Investeringar inkludert desse tiltaka vert budsjettjustert i 2. tertialrapport til kommunestyret. Rådmannen vert til handsaminga i kommunestyret 15.09.2022 beden om å finna kostnad for trafikksikringstiltak i Steinslandsvegen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å gjennomføra tiltak med budsjettkostnader som vist nedanfor.

Verbalvedtak;

- Carport ved Samnangerheimen kroner 800.000
- Tiltak for Hjertesone og trygg skuleveg rundt Samnanger barneskule og Dråpeslottet barnehage for totalt 3,545 millionar kroner. Tiltaket inkluderer kildesortering til 800.000 kroner, der dette vert delfinansiert med tilskot til bl.a. miljøstasjon på kroner 418.000 kroner frå Enova sett av på bunde fond i 2013.
- Utbetring av veg til Hagabotnane til XX (summen vert lagt fram i møtet) kroner

Ekstraløyving;

- Bygdavegen – 2 millionar til asfaltering og utbetring. Mandat til å starte med prosjektering av vegen med fortau og VA-leidningar i frå fylkesvegen til krysset til Heiane/brua ovanfor.
- Nyutlørtrævegen – Nødvendig opprusting inntil 800.000 kroner
- Raunekleivvegen – reparasjon av utfallen mur og veg inntil 700.000 kroner.

Med unnatak av tilskot frå Enova vert verbalvedtak og ekstraløyving finansiert med ubrukte midlar i 2022. Investeringar inkludert desse tiltaka vert budsjettjustert i 2. tertialrapport til kommunestyret.

SAKNR. 050/2022: Lån og tilskot til etablering av bygdebutikk på Tysse

Ugild:	I staden møte:	Merknad:
Knut Harald Frøland, BI	,	

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Samnanger kommune skal ha 1. prioritet i sitt lån, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):
Legge til i vedtaket at Samnanger kommune som lånegiver har 1. prioritet i dette lånet på 1,6 millioner.

Handsaming:

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) bad om å få vera ugild i saka, fordi han er svoger til ein av aksjonæranne i Tysse Landhandel AS. Han gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen hans. Han vart samrøystes funnen ugild og deltok ikkje i handsaminga av saka. Øyvind Røen (Sp) overtok som møteleiar, og var møteleiar i resten av kommunestyremøtet.

Øyvind Røen orienterte om at det etter formannskapet si handsaming av saka 01.09.2022 hadde kome eit brev til kommunen frå Tysse Landhandel AS, der dei søker om å auka lånesummen frå 1 til 1,6 millionar kroner.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg om å auka lånesummen til Tysse Landhandel AS til 1,6 millionar kroner.

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram eit tilleggsframlegg til formannskapet si innstilling.

Det vart først gjennomført felles røysting over endrings-/tilleggsframlegga til Odd Arne Haga og Karl Bård Kollbotn. Framlegga vart vedtekne med 11 mot 8 røyster.

For	Imot
Lena Tveit (BI)	Monica Tjønnå (Sp)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)	Arild Røen (H)
Knut Loneland Høibraaten (BI)	Magni Petersen (MDG)
Øyvind Steinsland (BI)	Oskar Røen (MDG)
Solveig Vassenden (BI)	Martin Haugen (BI)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Ove Totland (BI)
Odd Arne Haga (Frp)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Harald Boge (Ap)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	

Det vart til slutt røysta over formannskapet si innstilling, justert med dei vedtekne endrings-/tilleggsframlegga til Odd Arne Haga og Karl Bård Kollbon. Vedteke med 11 mot 8 røyster.

For	Imot
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnna (Sp)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Arild Røen (H)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Magni Petersen (MDG)
Øyvind Steinsland (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Solveig Vassenden (Bl)	Martin Haugen (Bl)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Ove Totland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Harald Boge (Ap)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	

KS- 050/2022 Vedtak:

Det blir gjort følgjande justeringar i forhold til kommunestyret sitt vedtak 07.04.2022 om lån på kr. 1 000 000 til støtte for automatisert driftsløysing og innreiing/oppgradering av lokale for ny butikk på Tyssekaien:

1. Lånesummen blir auka til kr. 1 600 000.
2. Samnanger skal ha 1. prioritet i sitt lån.
3. Fristen for oppstart av butikken blir endra til 01.04.2023.
4. Lånet blir gitt til Tysse Landhandel AS.
5. Inntil 100 prosent av lånet kan om nødvendig utbetalast før butikken opnar. Før utbetaling må det vera inngått låneavtale mellom kommunen og Tysse Landhandel AS, ref. punkt 9 i dette vedtaket.
6. Det er frå kommunen si side ønskeleg at butikken har automatisert driftsløysing, men dette er ikkje eit vilkår for lånet dersom ei slik løysing ikkje er økonomisk realiserbar.
7. Dei første to åra (24 månadene) etter opninga av butikken skal lånet vera avdragsfritt.
8. Lånet skal ha same rentesats som den til ei kvar tid gjeldande månadleg flytande renta i Husbanken.
9. Nedbetalingstida på lånet skal vera maksimalt 20 år, og det skal inngåast ein låneavtale med periodisert nedbetalingsplan som er basert på dette.

Det blir gjort følgjande justering i forhold til vedtaket i kommunestyret 07.04.2022 om framlegging av plan for realisering av eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien:

1. Plan for realisering av eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien skal leggast fram i kommunestyret seinast i juni 2023.
2. Det skal i saka vurderast minst to alternativ for etablering og drift av drivstoffanlegg ved Tyssekaien.

Det blir gjort følgjande justeringar i forhold til vedtaket i kommunestyret 25.02.2021 om tilskot på kr. 400 000 til oppretting av bygdebutikken:

1. Tilskotsmottakar blir endra frå Samnanger frivilligsentral til Tysse Landhandel AS.
2. Inntil 60 prosent av tilskotet kan ved behov utbetalast før butikken opnar.

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg om å auka lånesummen til 1,6 millionar kroner, for at

løysing med automatisert driftsløysing skal kunne realiserast.

Martin Haugen (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det først røysta over endringsframlegget til Odd Arne Haga. Framlegget fall med 8 mot 1 røyst. Odd Arne Haga røysta for framlegget.

Det vart etter dette røysta over rådmannen sitt framlegg. Framlegget vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

For	Imot
Øyvind Røen (Sp)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Solveig Vassenden (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Øyvind Steinsland (Bl)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Odd Arne Haga (Frp)	

FORM- 043/2022 Vedtak:

Det blir gjort følgjande justeringar i forhold til kommunestyret sitt vedtak 07.04.2022 om lån på kr. 1 000 000 til støtte for automatisert driftsløysing og innreiing/oppgradering av lokale for ny butikk på Tyssekaien:

1. Fristen for oppstart av butikken blir endra til 01.04.2023.
2. Lånet blir gitt til Tysse Landhandel AS.
3. Inntil 100 prosent av lånet kan om nødvendig utbetalast før butikken opnar. Før utbetaling må det vera inngått låneavtale mellom kommunen og Tysse Landhandel AS, ref. punkt 7 i dette vedtaket.
4. Det er frå kommunen si side ønskeleg at butikken har automatisert driftsløysing, men dette er ikkje eit vilkår for lånet dersom ei slik løysing ikkje er økonomisk realiserbar.
5. Dei første to åra (24 månadene) etter opninga av butikken skal lånet vera avdragsfritt.
6. Lånet skal ha same rentesats som den til ei kvar tid gjeldande månadleg flytande renta i Husbanken.
7. Nedbetalingstida på lånet skal vera maksimalt 20 år, og det skal inngåast ein låneavtale med periodisert nedbetalingsplan som er basert på dette.

Det blir gjort følgjande justering i forhold til vedtaket i kommunestyret 07.04.2022 om framlegging av plan for realisering av eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien:

1. Plan for realisering av eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien skal leggjast fram i kommunestyret seinast i juni 2023.
2. Det skal i saka vurderast minst to alternativ for etablering og drift av drivstoffanlegg ved Tyssekaien.

Det blir gjort følgjande justeringar i forhold til vedtaket i kommunestyret 25.02.2021 om tilskot på kr. 400 000 til oppretting av bygdebutikken:

1. Tilskotsmottakar blir endra frå Samnanger frivilligsentral til Tysse Landhandel AS.
2. Inntil 60 prosent av tilskotet kan ved behov utbetalast før butikken opnar.

Det blir gjort følgjande justeringar i forhold til kommunestyret sitt vedtak 07.04.2022 om lån på kr. 1 000 000 til støtte for automatisert driftsløysing og innreiing/oppgradering av lokale for ny butikk på Tyssekaien:

1. Fristen for oppstart av butikken blir endra til 01.04.2023.
2. Lånet blir gitt til Tysse Landhandel AS.
3. Inntil 100 prosent av lånet kan om nødvendig utbetalast før butikken opnar. Før utbetaling må det vera inngått låneavtale mellom kommunen og Tysse Landhandel AS, ref. punkt 7 i dette vedtaket.
4. Det er frå kommunen si side ønskeleg at butikken har automatisert driftsløysing, men dette er ikkje eit vilkår for lånet dersom ei slik løysing ikkje er økonomisk realiserbar.
5. Dei første to åra (24 månadene) etter opninga av butikken skal lånet vera avdragsfritt.
6. Lånet skal ha same rentesats som den til ei kvar tid gjeldande månedleg flytande renta i Husbanken.
7. Nedbetalingstida på lånet skal vera maksimalt 20 år, og det skal inngåast ein låneavtale med periodisert nedbetalingsplan som er basert på dette.

Det blir gjort følgjande justering i forhold til vedtaket i kommunestyret 07.04.2022 om framlegging av plan for realisering av eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien:

1. Plan for realisering av eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien skal leggast fram i kommunestyret seinast i juni 2023.
2. Det skal i saka vurderast minst to alternativ for etablering og drift av drivstoffanlegg ved Tyssekaien.

Det blir gjort følgjande justeringar i forhold til vedtaket i kommunestyret 25.02.2021 om tilskot på kr. 400 000 til oppretting av bygdebutikken:

1. Tilskotsmottakar blir endra frå Samnanger frivilligsentral til Tysse Landhandel AS.
2. Inntil 60 prosent av tilskotet kan ved behov utbetalast før butikken opnar.

SAKNR. 051/2022: Budsjett for kontrollarbeidet i Samnanger kommune 2023

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 051/2022 Vedtak:

Kommunestyret vedtek budsjett for kontrollarbeidet i Samnanger kommune 2023 slik det ligg føre.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek budsjett for kontrollarbeidet i Samnanger kommune 2023 slik det ligg føre.

SAKNR. 052/2022: Påskjøning til tilsette for stor arbeidsbelastning under koronapandemien

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Sak 52, sett fram av Øyvind Steinsland (Bygdalista):

Det betales et fast beløp til hver enkelt på kr 1000,-

Handsaming:

Øyvind Steinsland (Bl) sette fram framlegg til vedtak.

I røytinga fekk formannskapet si innstilling 19 røyster og vart vedteke. Framlegget til Øyvind Steinsland fekk 1 røyst (Øyvind Steinsland).

KS- 052/2022 Vedtak:

Det blir løyvd 300 000 kroner i påskjønning til tilsette i kommunen i samband med koronapandemien. Finansiering er disposisjonsfondet.

Ramme for bruk av midlane skal vera felles velferdsarrangement og/eller motivasjonssamling/fellesopplæring for tilsette.

Midlane skal fordelast mellom sektorane i kommunen etter talet på faste årsverk. Kommunalsjef avgjer i samråd med einings- og avdelingsleiarane, verneombod og plasstillitsvald nærare innhald i arrangement/samlingar. Det er innanfor sektorane rom for å gjera ytterlegare inndelingar på einings- eller avdelingsnivå.

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 038/2022 Vedtak:

Det blir løyvd 300 000 kroner i påskjønning til tilsette i kommunen i samband med koronapandemien. Finansiering er disposisjonsfondet.

Ramme for bruk av midlane skal vera felles velferdsarrangement og/eller motivasjonssamling/fellesopplæring for tilsette.

Midlane skal fordelast mellom sektorane i kommunen etter talet på faste årsverk. Kommunalsjef avgjer i samråd med einings- og avdelingsleiarane, verneombod og plasstillitsvald nærare innhald i arrangement/samlingar. Det er innanfor sektorane rom for å gjera ytterlegare inndelingar på einings- eller avdelingsnivå.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det blir løyvd 300 000 kroner i påskjønning til tilsette i kommunen i samband med koronapandemien. Finansiering er disposisjonsfondet.

Ramme for bruk av midlane skal vera felles velferdsarrangement og/eller motivasjonssamling/fellesopplæring for tilsette.

Midlane skal fordelast mellom sektorane i kommunen etter talet på faste årsverk. Kommunalsjef avgjer i samråd med einings- og avdelingsleiarane, verneombod og plasstillitsvald nærare innhald i arrangement/samlinga. Det er innanfor sektorane rom for å gjera ytterlegare inndelingar på einings- eller avdelingsnivå.

SAKNR. 053/2022: Fastsetting av valdag for kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 053/2022 Vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 vert i Samnanger kommune gjennomført på ein dag, måndag 11.09.2023.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 vert i Samnanger kommune gjennomført på ein dag, måndag 11.09.2023.

SAKNR. 054/2022: Reglar for interpellasjonar i Samnanger kommune**15.09.2022 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg om å utsetja saka. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 054/2022 Vedtak:

Saka blir utsett.

16.06.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Alternativframlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

1. Interpellasjonar som inneheld framlegg til vedtak skal handsamast etter reglane i kommunelova §11-3 femte ledd, i tråd med tolkingsuttale frå Kommunal- og distriksdepartementet av 19. august 2021. Det inneber at ordføraren eller 1/3 av kommunestyremedlemene kan motsetja seg realitetshandsaming av saka. Dette gjeld likevel ikkje for vedtak om vidare saksgang, t.d. at ein ber om at administrasjonen kjem attende til saka, eller at ho vert sett opp på ei sak på neste møte.

2. Fristen for innsending av interpellasjonar vert endra til 8 dagar før møtet, for å sikra at innkomne interpellasjonar kan sendast ut saman med møteinnkallinga.

3. Interpellasjonar skal til vanleg koma til sist i møtet, og skal handsamast i den rekkefølga dei har kome inn. Interpellasjonar som ikkje kan handsamast innanfor møtetida vert handsama i det påfølgande møtet.

4. Rådmannen får i oppgåve å baka desse endringane inn i reglementet for kommunestyret. Dette inkluderer eit mynde til å redaksjonell endring av undertitlar og oppbygging av reglementet.

5. Kommunestyret ber om at administrasjonen kjem attende med ei sak om revidering av reglementa for folkevalde organ.

Interpellasjonar, sett fram av Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bygdalista):

Samnanger kommune brukar det same reglementet som tidlegare, med eitpar tillegg:

- Interpellasjonar skal inn 8 dagar før, slik at dei vert med innkallinga.

-Interpellasjonar skal handsamast først i møtet som no.

- Tidsbruk: som hovudregel skal det ikkje nyttast meir enn 30 min til spm. og interpellasjonar.

Utvalets kvarter kjem utanom.

Handsaming:

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Karl Bård Kollbotn (Frp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette ordfører Knut Harald Frøland (Bl) fram framlegg om å utsetja saka til kommunestyremøtet 15.09.2022. Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 033/2022 Vedtak:

Saka vert utsett.

02.06.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Sak 023/22, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Saka går vidare til kommunestyret utan innstilling

Handsaming:

Etter den inneleiande debatten bad Karl Bård Kollbotn (Frp) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen (Sp) fram framlegg til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM- 023/2022 Vedtak:

Saka går vidare til kommunestyret utan innstilling.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert sett ned eit arbeidsutval som får i oppgåve å utarbeida og leggja fram forslag til reviderte reglar for spørsmål og interpellasjonar i kommunestyret. Forslaget skal leggjast fram for handsaming i kommunestyret seinast i desember 2022.

Arbeidsutvalet har følgjande fem medlemmer:

-
-
-
-
-

Arbeidsutvalet vel sjølv leiar og nestleiar. Det skal utbetalast full sats for møtegodtgjering til medlemmene i utvalet.

Rådmannen må sørja for nødvendig sekretærhjelp til utvalet.

SAKNR. 055/2022: Kjørereglar for god kommunikasjon i kommunestyre og politiske utval

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg til følgjande tillegg til punkt 5 i ordføraren sitt framlegg:

"Ver raus og positiv og prøv å tolka folk i beste meining".

Med dette tillegget vart ordføraren sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 055/2022 Vedtak:

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Ytringsfriheita står sterkt og skal stå sterkt, men det kan like fullt vere nyttig at politikarane held seg med køyrereglar for god kommunikasjon for å styrkja at ordsiftet kan skje på ein respektfull måte. Dette kan og vere med å styrkja vedtaka ved at alle representantar tør å ta ordet, og at det kan legga til rette for at dialog og godt samarbeid kan skje på tvers av partigrenser.

Punkta under er eit grunnlag for god kommunikasjon i kommunestyret og politiske utval i Samnanger kommune:

1. Ver godt førebudd til møta.
2. Ver høfleg og bruk fint språk.
3. Ver merksam på eige kroppsspråk og tenk gjennom kva signal du sender.
4. Hels alltid når du kjem og når du går, sjølv om debattane kan vere friske.
5. Ver tydeleg og tenk gjennom om budskapet din kan bli oppfatta feil. Ver raus og positiv og prøv å tolka folk i beste meining.
6. Nytt gjerne humor, men syt for at denne vert inkluderande.
7. Gje ros og konstruktive tilbakemeldingar.
8. Fokusèr på sak, ikkje person.
9. Gje ei oppleving av likeverd.
10. Hugs å trenna på å innrømme at du tok feil.

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Ytringsfriheita står sterkt og skal stå sterkt, men det kan like fullt vere nyttig at politikarane held seg med køyrereglar for god kommunikasjon for å styrkja at ordsiftet kan skje på ein respektfull måte. Dette kan og vere med å styrkja vedtaka ved at alle representantar tør å ta ordet, og at det kan legga til rette for at dialog og godt samarbeid kan skje på tvers av partigrenser.

Punkta under er eit grunnlag for god kommunikasjon i kommunestyret og politiske utval i Samnanger kommune:

1. Ver godt førebudd til møta.
2. Ver høfleg og bruk fint språk.
3. Ver merksam på eige kroppsspråk og tenk gjennom kva signal du sender.
4. Hels alltid når du kjem og når du går, sjølv om debattane kan vere friske.
5. Ver tydeleg og tenk gjennom om budskapet din kan bli oppfatta feil.
6. Nytt gjerne humor, men syt for at denne vert inkluderande.
7. Gje ros og konstruktive tilbakemeldingar.
8. Fokusèr på sak, ikkje person.
9. Gje ei oppleving av likeverd.
10. Hugs å trenna på å innrømme at du tok feil.

SAKNR. 056/2022: Fleirbrukshall - Utviding av styringsgruppa og stadfesting av alternativ plassering

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Sak 056/2022, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

1, Som framlegget til rådmannen

2. Alternativ plassering for fleirbrukshall, dersom Lauskar-alternativet ikkje lèt seg realisera, vert

Haukanesmarka på nordsida av fv. 136. Dersom styringsgruppa si vurdering vert at prosjektet bør vidareførast på alternativ plassering, skal dette leggjast fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

Alternativ plassering av idrettshallen, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Samnanger Frp går inn for å bygge en idrettshall i Hagabotnane på den gamle grusbanen i anlegget til erstatning for det som ligger i Rådmannens sitt forslag.

Dette er det eneste reelle alternativet i nærmeste fremtid. Det gjelder både økonomi og plassering.

Handsaming:

Innleiingsvis orienterte prosjektleiar Ole J. Sølberg frå ABO om status for arbeidet med planlegging av fleirbrukshall på Lauskar.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Framlegget til Øyvind Røen fekk 16 røyster og vart vedteke. Framlegget til Karl Bård Kollbotn fekk 4 røyster.

For Øyvind Røen sitt framlegg	For Karl Bård Kollbotn sitt framlegg
Knut Harald Frøland (BI)	Linda Haug Kollbotn (Frp)
Lena Tveit (BI)	Odd Arne Haga (Frp)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Martin Haugen (BI)	Knut Loneland Høibraaten (BI)
Ove Totland (BI)	
Øyvind Steinsland (BI)	
Solveig Vassenden (BI)	
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Harald Boge (Ap)	
Jon Magne Borgevik (Ap)	
Monica Tjønna (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Magni Petersen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

KS- 056/2022 Vedtak:

1. Styringsgruppa for fleirbrukshall vert utvida med økonomisjef og ordførar.
2. Alternativ plassering for fleirbrukshall, dersom Lauskar-alternativet ikkje lèt seg realisera, vert Haukanesmarka på nordsida av fv. 136. Dersom styringsgruppa si vurdering vert at prosjektet bør vidareførast på alternativ plassering, skal dette leggjast fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten sette Shirin Kvernes Khadoor (Ap) fram framlegg om å lata saka gå vidare til kommunestyret utan tilråding. Framlegget vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Øyvind Steinsland (BI) røysta imot.

FORM- 042/2022 Vedtak:

Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek:

1. Styringsgruppa for fleirbrukshall vert utvida med økonomisjef og ordførar.
2. Alternativ plassering for fleirbrukshall dersom Lauskar-alternativet ikkje let seg gjennomføre vert Samnanger barneskule. Dersom styringsgruppa si vurdering vert at prosjektet bør vidareførast på alternativ plassering, skal dette leggjast fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

SAKNR. 057/2022: Bjørkheim som framtidig regionsenter**15.09.2022 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 057/2022 Vedtak:

Samnanger kommune rår Vestland fylkeskommune til å satse på Bjørkheim som framtidig regionsenter.

Samnanger kommune vil ta initiativ til eit tett og konstruktivt samarbeid med Vestland fylkeskommune i prosessen med utvikling av ny områdeplan for Bjørkheimsområdet.

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune rår Vestland fylkeskommune til å satse på Bjørkheim som framtidig regionsenter.

Samnanger kommune vil ta initiativ til eit tett og konstruktivt samarbeid med Vestland fylkeskommune i prosessen med utvikling av ny områdeplan for Bjørkheimsområdet.